



**Søndagsskolen i Bedehuset i Uskedalen som var laurdagsskule har vorte måndagsskule frå denne hausten men ingenting tyder på at flyttinga har vore nokon ulempe. Rundt 20 mellom 3 år og 4. klasse har møtt fram under dei 5 samlingane og det er fleire enn dobbelt så mange som sist vår, fortel leiar av Indremisjonen Jon Harald Kjærland til [uskedalen.no](http://uskedalen.no). Framgangen har heilt klårt samanheng med eit spennande opplegg. Flokken er delt i Gullivergjengen for dei yngste og Tårnagentane for dei eldre.**

I kveldens samling var det eit ekstra inspirerande besøk. Søndagsskulekonsulentog leiar for dei 80 søndagsskulane på Haugalandet og i Sunnhordland - Elisabeth Fauskanger frå Stord - var på besøk og hadde ansvaret for programmet.

Josef og Egypt var temaet denne gongen og pedagogen Elisabeth fekk verkeleg liv i ein gammeltestamentleg forteljing.

Også ho kunne melde om aukande oppslutnad i det området ho har ansvar for sjølv om størrelsen på søndagsskulane varierar sterkt. Stort sett er ho på besøk i ein søndagsskule i veka og det var imponerande å oppleve den gode kontakten ho hadde med ungane.

No er det 4 samlingar til i Bedehuset - og så er det nytt år. På biletet over er Jon Harald Kjærland og Elisabeth Fauskanger mellom tårnagentar medan Josef utfaldar seg på vegg i kjellaren på biletet under.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

